

Vedtekter for Søre-plassen (SP).

Eigar: Rykkje Grunneigarlag

- 1. Formålet med SP.**

SP skal tena som parkeringsplass og båtopptrekk - opplag for brukarane. Tilhøva for bilparkering og båtopptrekk - opplag skal vera tenlege for alle brukarane i høve dei rettar og avtalar dei har. Tilrettelegging av dette skal skje ved tekniske og økonomisk fornuftige løysingar for vedlikehald, utviding og standardheving. Store investeringar/oppgraderingar bør drøftast med brukarane.
- 2. Avtalar for Søre-plassen.**

Det er inngått ulike avtalar for bruk av, og bil oppstilling på Søre-plassen. Dei ulike avtalane er inngått med startpunkt 1981, 1986, 1991, 1992 og 2001. Rykkje Grunneigarlag(RG) handhevar og er ansvarleg for desse avtalane. RG er og ansvarleg for leigeavtale med grunneigar av plassen. For dette har medlemmer av RG fri bruk av parkering og båt opptrekk/opplag. Sjå eige liste for parkeringsrettar.
- 3. Øystese Røde Kors Hjelpekorps.**

ØRKH har rett til 2 gratis oppmerka parkeringsplassar. Bilhengjar tel som ein plass. Parkeringa skal ikkje hindra dei andre brukarane av plassen. Som motyting for dette pliktar ØRKH å delta aktivt i dugnad for vedlikehald og drift av plassen.
- 4. Økonomi og rekneskap.**

Rekneskapet fylgjer kalenderåret. Rekneskap bør vera klart innan 15. mars påfølgjande år og gjerast kjent for brukarane av plassen. Rekneskap skal sendast ut saman med innbetalinga. Brukarane har innsynsrett til rekneskap for plassen. Store investeringar/oppgraderingar bør takast opp og løysast i fellesskap mellom brukarane.
- 5. Driftskostnader og innbetaling.**

Dei årlege driftskostnadane vert fordelt på brukarane etter vedtektene slik at det vert 67 % for ein plass og 100 % for to plassar. Fri bruk sjå pkt 2 og 3. Som ei rettesnor for innbetaling til dekking av driftskostnader kan tal for 2008 brukast. Innbetalinga var då kr 300,- og kr 450,- for høvesvis ein og to P-plassar. Innbetalinga for kvart år skal fastsetjast slik at P-plassen vert driven i balanse.
- 6. Sal av nye parkeringsrettar.**

Det kan seljast nye parkeringsrettar til brukarar som treng ein ekstra rett. Prisen for ein ny rett er kr 9000,- i 2009. Prisen vert regulert i samsvar med konsumprisindeksen frå SSB med utgangspunkt i kr. 6000,- pr. 1. januar 1987 som då var prisen for ein p-plass. Fyrste regulering er 1. mai 2010, deretter vert prisen regulert kvart femte år. Innbetalingane frå sal av nye p-plassar skal nyttast til utviding/utbetring av plassen.
- 7. Tillaten storleik av køyretøy.**

Plassen kan nyttast av bilar med inntil 3.5 tonn totalvekt. Bilhengjar tel som ein plass når denne er plassert på p-plassen. Parkeringa skal vera utført slik at det ikkje er til hinder eller ulempe for andre brukarar.
- 8. Framsyning av parkeringsrett, bortleige og lån av parkeringsrettar.**

Brukarane vil få utlevert parkeringsoblat, ein pr. plass. Denne skal vera godt synleg gjennom frontruta. Bilar utan godkjend oblat kan verta bortvist/borttaua på eigars rekning. Liste over kven som har parkeringsrett skal gjerast kjent for brukarane.

